



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Vår dato:

16.08.2024

Vår ref:

2020/4923

Dykkar dato:

Dykkar ref:

KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENTET
Postboks 8112 DEP
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Frida Farstad Brevik, 71 25 84 51

Oversending av motsegnssak - Fjord kommune - områderegulering for Raudbergvika landbasert oppdrett

Statsforvaltaren rår til at departementet tar motsegn fra Statsforvaltaren og Riksantikvaren til følge.

Statsforvaltaren sender motsegnssak knytt til «Områderegulering for Raudbergvika landbasert oppdrett» over til Kommunal- og distriktsdepartementet for endeleg avgjerd.

Saka gjeld

Planforslaget legg til rette for eit landbasert oppdrettsanlegg for laks inne i fjellet ved det nedlagde masseuttaksområdet for oliven i Raudbergvika ytst i Sunnylvsfjorden. Anlegget skal produsere 100 000 tonn matfisk per år.

Tiltaket omfattar utsprenging av 5,5 millionar m³ prosjekterte faste fjellmassar innanfor verdsarvområdet Vestlandsk Fjordlandskap og Geiranger-Herdalen landskapsverneområde. I dagen mot fjorden (som ligg utanfor vernegrensene) skal det plasserast diverse støttefunksjonar og bygningar knytt til anlegget. Anlegget i Raudbergvika skal vere knytt til Eidsdal via tunell på om lag 6 km. På Eidsdal-sida skal det leggast til rette for parkering.

Berekningar viser at anlegget vil kunne føre til eit årleg utslepp av 3200-4500 tonn nitrogen ut i Storfjorden.

Statsforvaltaren og Riksantikvaren har fleire motsegn til planforslaget. Motsegna er grunngjeve i at planforslaget kjem i konflikt med verdsarvområdet Vestlandsk Fjordlandskap og Geiranger-Herdalen landskapsverneområde, og at eit stort utslepp til recipienten Storfjorden vil forringe økosystemet.

Direktoratet for mineralforvaltning har motsegn til planforslaget. Motsegna er grunngjeve i at planforslaget ikkje legg til rette for ei bergfagleg forsvarleg handtering av potensielle drivverdige mineralressursar.

Det blei mekla i motsegnssaka den 16. mai 2024, men partane kom ikkje til einigkeit.



Kommunestyret i Fjord kommune vedtok områdereguleringsplanen for Raudbergvika den 27. juni (sak KS-076/24) (vedlegg 11.16). Statsforvaltaren fekk saka sendt over frå kommunen den 28. juni 2024.

Saksgong

Varsel om oppstart og høyring planprogram

- Fjord kommune varsla den 10. november 2020 oppstart og høyring av planprogram for områdereguleringsplan for Raudbergvika landbasert oppdrett (heretter omtala som områderegulering Raudbergvika) (vedlegg 9.12)
- Fjord kommune varsla den 11. mars og den 18. juni 2021 oppstart av eit utvida planområde og høyring av revidert planprogram (vedlegg 9.13)
- Kommunestyret vedtok planprogram for områderegulering Raudbergvika (vedlegg 9.14)
- Statsforvaltaren, Møre og Romsdal fylkeskommune, Noregs vassdrags- og energidirektorat, Direktoratet for mineralforvaltning, verneområdestyret for Geiranger-Herdalen med fleire, har gitt fråsegn, sjå vedlegg 12 flg.

Første gongs høyring og offentleg ettersyn

- Fjord formannskap vedtok den 30. november 2021 (sak FS 132/21) å sende forslag til områderegulering Raudbergvika på høyring og legge forslaget ut til offentleg ettersyn.
- Følgjande myndigheter hadde motsegn ved første gongs høyring:
 - Statsforvaltaren, sjå brev av 8. februar 2022 (vedlegg 12.21)
 - Møre og Romsdal fylkeskommune, sjå brev av 8. februar 2022 (vedlegg 12.6)
 - Noregs vassdrags og energidirektorat, sjå Statsforvaltaren sitt brev av 8. februar 2022 (vedlegg 12.21)

Andre gongs høyring og offentleg ettersyn

- Fjord kommunestyret vedtok den 9. november 2023 (sak 076/23) å sende revidert forslag til områderegulering Raudbergvika på ny høyring med oppmoding om å trekke motsegna i saka
- Statsforvaltaren trekte to av sine motsegn, men hold fast på fire motsegn, sjå brev av 25. januar 2024 (vedlegg 12.23)
- Direktoratet for mineralforvaltning held fast på si motsegn, sjå brev av 15. desember 2023 (vedlegg 12.2)
- Møre og Romsdal fylkeskommune trekte si motsegn, sjå brev av 31. januar 2024 (vedlegg 12.8)
- Riksantikvaren reiste motsegn, sjå brev av 14. mars 2024 (vedlegg 12.17). Det blei samband med dette gjennomført ei synfaring den 28. februar 2024
- Noregs vassdrags- og energidirektoratet trekte si motsegn i brev av 3. januar 2024
- Mattilsynet hadde motsegn, sjå brev av 28.06.23 (vedlegg Mattilsynet trekte si motsegn i brev av 2. februar 2024)

Mekling

- Fjord kommune har i brev av 13. februar 2024 bedt om mekling i saka
- Mekling i saka blei gjennomført den 16. mai 2024. I meklingsmøtet deltok representantar frå Fjord kommune, Direktoratet for mineralforvaltning, Riksantikvaren og Statsforvaltaren. Partane lukkast ikkje å kome til einigheit, sjå protokoll frå meklingsmøtet i vedlegg 11.17



Eigengodkjenning i kommunestyret

- Fjord kommunestyre behandla reguleringsforslaget i møte den 27. juni 2024
- Fjord kommunestyre fatta eit samråystes vedtak om å godkjenne områderegulering for Raudbergvika. Kommunen har ikkje tatt motsegnene til følgje, og saka er sendt over til Statsforvaltaren for vidaresending til Kommunal- og distriktsdepartementet den 28. juni 2024

Pågåande prosessar

Parallelt med planprosessen etter plan- og bygningslova har det vore følgjande pågående prosessar:

- Uttale frå UNESCO og IUCN
- Konsesjonsbehandling
- Dispensasjon frå verneforskrifta, klage til behandling hos Miljødirektoratet

Uttale frå UNESCO og IUCN

UNESCO har i brev datert 6. november 2023 (vedlegg 12.13) gitt ei evaluering av konsekvensutgreiinga for verdsarv for planforslaget i Raudbergvika. IUCN konkluderer med at prosjektet gir negative verknader for fleire av delverdiane, både i anleggs- og driftsfasen.

Konsesjonsbehandling

Konsesjonsbehandling etter akvakulturloven er satt på vent til reguleringsplanen er vedtatt. Statsforvaltaren har i brev datert 20. februar 2023 stadfesta at vi ikkje vil behandle utsleppssøknad etter forureiningslova før reguleringsplanen er vedtatt.

Dispensasjon frå verneforskrifta


Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen fatta vedtak om å gje dispensasjon frå verneforskrifta 2. november 2023. Statsforvaltaren påkalla vedtaket, sjå brev av dato (vedlegg 13.2). Verneområdestyret oppretthaldt sitt vedtak i saka og sendte saka over til Miljødirektoratet for klagebehandling. Miljødirektoratet oppheva verneområdestyret sitt vedtak i brev av 14. juni 2024 (vedlegg 11.15) og sendte saka tilbake til ny handsaming.

Verneområdestyret har den 5. juli 2024 fatta nytt vedtak om dispensasjon frå verneforskrifta (vedlegg 13.4).

Planforslaget

Planområdet


Planområdet ligg i Fjord kommune i Raudbergvika ved innløpet til Sunnylvsfjorden og strekk seg gjennom ein planlagt vegg tunnel til Eidsdal i Nordalsfjorden. Planområdet i Raudbergvika omfattar eit nedlagd masseuttaksområde for oliven, og er avgrensa mot Skrednakken i nord, Nonshammeren i sør og Sunnylvsfjorden i vest. Mot aust går avgrensinga inn i verdsarvområdet og Geiranger-Herdalen landskapsverneområde.



Figur 1: Utsnitt frå planomtalen viser planavgrensning med svart stipla linje. Grøn linje er grense for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde og verdsarvområdet Vestlandsk fjordlandskap.

Planstatus

For området gjeld kommuneplanens areal del for Norddal kommune (2008-2020), vedtatt 25. juni 2009. Kommunane Norddal og Stordal slo seg saman til Fjord kommune, med verknad frå 1.1.2020. Kommuneplanens areal del frå kommunane Norddal og Stordal gjeld framleis. Planområdet er sett av til areal for råstoffutvinning og landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF). Området er ikkje regulert.



Figur 2: Utsnitt av gjeldande kommuneplan

Landskapsverneområde

Planområdet ligg delvis innanfor Geiranger-Herdalen landskapsverneområde. Geiranger-Herdalen landskapsverneområde blei oppretta i 2004 og omfattar 500 km² i kommunane Stranda, Fjord og Stryn, sjå forskrift FOR-2004-10-08-1310. Føremålet med vernet er å vare på viktige kulturlandskap der fjordgardar, setermiljø og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart. Vernet skal også ta vare på geologiske førekommstar og landskapsformer. Grensa for verneområdet rundt planområdet er vist med grøn linje i figur 1.



Verdsarv

Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap omfattar Geirangerfjorden i Møre og Romsdal og Nærøyfjorden i Vestland, og blei innskrive på verdsarvlista i 2005.

Området er innskrive under kriterium (vii); «*omfatte eineståande naturfenomen eller område med eksepsjonelt vakker natur og estetisk verdi*», og kriterium (viii); «*vere framifrå eksempel som representerer viktige fasar av jordas historie, medrekna vitnesbyrd om den biologiske evolusjonen, viktige pågåande geologiske prosessar som formar landskapet, eller viktige geomorfologiske eller fysiologiske element*», sjå meir om dette i Riksantikvaren sitt motsegnsbrev av 14. mars 2024 (vedlegg x).

Dei planlagde fjellhallane og tunellen til Eidsdal ligg innanfor verdsarvområdet, medan området i dagen ligg utafor verdsarvområdet. Grensa for verdsarvområdet er lik grensa for landskapsvernområdet i dette området, og er vist med grøn linje i figur 1.

Planlagd arealbruk

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for eit landbasert oppdrettsanlegg inne i fjellet ved siden av den nedlagde olivingruva i Raudbergvika. Tiltaket omfattar utsprenging av fjellhallar med om lag 5,5 millionar m³ prosjekterte faste fjellmassar.

Fullt utbygd vil oppdrettsanlegget produsere 100 000 tonn matfisk per år. Tiltaket omfattar matfiskproduksjon, samt anlegg i dagen i form av administrasjonsbygg, mannskapsbygg for overnatting, forlager, oksygen og lagertankar, biogassanlegg, straumforsyningsanlegg, kaier og transportareal.

Mesteparten av frakt til og frå anlegget skal skje frå sjøsida. Planområdet ligg innanfor fareområde for flodbølge frå Åkneset. For å sikre mot dette må terrenget i dagen mot Sunnylvsfjorden, planerast/hevast opp til kote 7.

I Eidsdal er det planlagt parkering for tilsette ved anlegget og bussoppstillingsplassar.

Anlegget i Raudbergvika skal vere knytt til Eidsdal via ein tunell på om lag 6 km. Tunellen skal nyttast til frakt av tilsette og mogleg legging av straumkabel.

Annan relevant informasjon

Fjord kommune

Kommunen ligg på Sunnmøre i Møre og Romsdal fylke. Fjord kommune blei oppretta som ny kommune den 1. januar 2020 då kommunane Norddal og Stordal slo seg saman.

Kommunen har eit landareal på om lag 1144 km². I sør og sørvest grensar Fjord kommune til Stranda kommune, i nordvest til kommunane Sykkylven og Ålesund, i nord til Vestnes kommune og i aust til Rauma kommune. I søraust grensar Fjord kommune til Innlandet fylke og Sjåk kommune.

I kommunen finn vi tettstaden Stordal og kommunesenteret Sylte i Valldal. Bygdene Dyrkorn, Norddal (Dalsbygda), Eidsdal, Fjørå og Tafjord ligg også i kommunen.

Det bur om lag 2492 innbyggjarar i kommunen. Folketalet er venta å halde seg relativt stabilt i åra som kjem. Framskrivningar viser at innbyggjarar over 80 år og oppover vil auke mest i åra som kjem (sjå Møre og Romsdal sin kommunestatistikk for Fjord kommune 2024).



Fjord kommune er ein av dei større jordbrukskommunane på Sunnmøre. I næringssamanheng er det også verdt å nemne at kommunen har stor turisttrafikk, rehabiliteringssenteret Muritunet i Valldal og at kommunen er ein stor kraftkommune.

Samfunnsnytte

Fjord kommune legg stor vekt på samfunnsnytta ved tiltaket. Dette er mellom anna omtala i planomtalens:

«Etableringa som er planlagt i Raudbergvika vil bety enormt mykje for den sosiale berekrafta i Fjord kommune. Etableringa er også forventa å gje store positive ringverknader for andre næringar i regionen. Kommunen uttaler at verksemda som no ynskjer å etablere seg i Raudbergvika, også har vist seg å vere ein god og viktig støttespelar for lokale lag og foreiningar. Noko som er viktig i dei små samfunna langs fjorden.»

«Anlegget vil gi store ringverknader til anna næringsliv i regionen, jf. Menon si samfunnsøkonomiske analyse. Satsinga vil gje direkte ringverknader både i bygging- og driftfasen, for lokale og regionale leverandørar og bidra til både lokal og regionale verdiskaping. I byggefase blir det etterspurnad etter både underleveransar på bygging, handel, overnatting og servering.

Det planlagde anlegget vil spele ei vesentleg rolle m.o.t produksjon av matfisk i Noreg. Dei korte avstandane mellom smoltanlegg, det planlagde landbaserte oppdrettsanlegget og eksisterande infrastruktur for oppdrett (slakteri og foredling i Ålesund) vil også vere vesentleg med tanke på reduksjon av transportomkostningar og utslepp.

Kommunen ser det som avgjerande viktig for ei positiv samfunnsutvikling i Fjord kommune at oppdrettsanlegget i Raudbergvika blir etablert. Jf. Notat av 13.10.23, Raudbergvika- Betydninga for næringslivet og samfunnsmessig berekraft i Fjord kommune, kommunedirektør Arne Krohn.»

Motsegn til planforslaget

Motsegn frå Riksantikvaren

Riksantikvaren reiste motsegn til planforslaget i brev av 14. mars 2024 (vedlegg 12.17). Det blir frå Riksantikvaren si side vist til at:

«Tiltaket er i konflikt med verdsarverdiane. Verknadene for verdsarven vil bli betydelege, og er i strid med dei internasjonale forpliktinga som ligg i verdsarvstatusen.»

I Riksantikvaren si grunngjeving av motsegna er det mellom anna vist til:

«Det planlagde tiltaket medfører storskala industriell aktivitet i innfallsporten til eit fjordlandskap som ble innskrive på verdsarvlista grunna intaktheit og urørtheit. Konsekvensutgreiinga for verdsarv syner betydeleg miljøskade for landskapet jamført med 0-alternativet, som er restaurering av området. Tiltaket vil gje arealbeslag, infrastruktur, installasjonar og bygningar i Raudbergvika, auka trafikk av køyretøy, maskinar, båtar og folk, støy og lys med meir. Anlegget skal vidare sikrast med fanggjerde og utreinskning av fjellsidene. Saman med plastring, heving av terreng, utretting av strandlinje, etablering av nye kaiar med meir vil dette kunne påverke landskapets art og karakter i verdsarvområdet. (...)



(...) Vidare er eit naturlandskap avhengig av intakte økosystem og biologisk mangfald. Det marine naturmangfaldet inngår i fjordlandskapet si framifrå universelle verdi, og konsekvensutgreiinga peikar på betydeleg miljøskade frå tiltaket.(...)

(...) Det har vore omfattande dialog mellom Noreg, Unesco og IUCN i denne saka. (...) Deira konklusjon er at tiltaket ikkje samsvarar med å bevare området sin framifrå universelle verdi (FUV). Dei seier at tiltaket vil påverke begge kriteria som verdsarven skrev inn på både i anleggs- og driftsfase, og er bekymra for mellom anna landskapsverdiane, vasskvalitet oglivet i sjøen innafor verdsarven. Dei stadfestar at dei geologiske verdiane også består av berggrunn og prosessane som går føre seg i berget.(...)

(...) Beste praksis tilseier ei sterk tolking av føre var-prinsippet i verdsarvområda våre.(...)

(...) Metode for konsekvensutgreiing i verdsarvområde har krav til vurderingar av alternativ. Riksantikvaren meiner at ein bør sjå på både alternative lokaliseringar, teknologi og alternative tiltak med lågare konfliktgrad som samstundes også kan bidra til samfunnsutvikling utan at det medfører skade på verdsarv og betydeleg uvisse og risiko. Vi kan ikkje sjå at dette er gjort i planarbeidet.

(...) Riksantikvaren står oss på dokumentasjonen i saka og IUCN sine ekspertvurderingar. Vi meiner at den klære frårådinga frå IUCN bør vege tungt. Det er svært viktig å følge dei internasjonale forpliktingane som Noreg har tatt på seg gjennom innskrivinga av Vestnorsk fjordlandskap på verdsarvlista.»

Motsegn frå Direktoratet for mineralforvaltning

Direktoratet for mineralforvaltning reiste motsegn i brev av 27. juni 2023 (12.3). Direktoratet viser i si grunngjeving for motsegna mellom anna til at:

«Motsegn blir fremma på grunnlag av mangelfull vurdering av tiltaket sin påverknad på, og omsynet til, viktige mineralressursar i konsekvensutgreiinga. Det er DMF si vurdering at planen er i strid med nasjonale mål og forventningar om utgreiing av og forvaltning av mineralske ressursar.

I brev av 15. desember 2023 (vedlegg 12.2) har direktoratet gitt ei tilbakemelding på eit revidert planforslag og kommunen sin førespurnad om trekke motsegn:

«Med bakgrunn [i] ny framstilling om at potensielt verdifullt mineral skal takast ut raskast mogleg som ein sekundærressurs for realisering av andre formål, er det DMF si vurdering at det framleis ikkje blir lagt til rette for ei bergfagleg forsvarleg handtering av potensielle drivverdige mineralressursar.(....)

(...) Før DMF eventuelt skal kunne trekke motsegna, må følgjande endringar bli innarbeidd i planen før planvedtak: konsekvensutgreiinga må innehalde ei tydelegare utgreiing av i kor stor grad tiltaket har innverknad på og omfattar viktige mineralressursar. Samtidig må føresegna for berekraftig handtering av mineralressursar sikre ei effektiv utnytting av ressursen.»

Motsegn frå Statsforvaltaren

Statsforvaltaren reiste motsegn ved første og andre gongs høyring. I brev av 25. januar 2024 (vedlegg 12.23) har Statsforvaltaren gitt ei tilbakemelding på eit revidert planforslag og kommunen sin førespurnad om å trekke motsegn. Statsforvaltaren opprettheld motsegn på følgjande punkt:

- Prosjektet er i for stor konflikt med verdsarven Vestlandsfjordlandskap, jf. T-2/16 punkt 3.9 og landskapsverneområde Geiranger-Herdalen jf. T-2/16 punkt 3.6, 3.7 og 3.9



- Det er for stor usikkerhet for langtidsverknader for Storfjorden som resipient og påverknad på økosystemet, jf. T-2/16 punkt 3.7, med vekt på naturmangfaldlova §§ 9 og 10
- Lokalisering av eit anlegg av denne storleiken må vurderast på eit overordna nivå utover Storfjorden, jf. forskrift om konsekvensutgreiing § 19 og naturmangfaldlova
- Massehandtering må avklarast nærare, jf. pbl. § 4-2

Verdsarv og landskapsverneområde

Statsforvaltaren viser i si grunngjeving for motsegna til at:

«*Etablering av eit industriområde i Raudbergvika vil gje negative verknader for fleire av delverdiane og vil ikkje vere foreinleg med det langsiktige målet om å ta vare på landskapsverneområde og verdsarvområdet for framtida. Anlegget vil ha direkte påverknad på verneverdiane i form av arealinngrep og uttak av geologiske førekomstar innanfor vernegrense og grensa for verdsarv.*»

«*Vi er også uroa for den langsiktige påverknaden på økosystemet i Storfjorden (sjå merknad under forureining).*»

«*Det landbaserte oppdrettsanlegget er eit stort inngrep i seg sjølv. Det er elles fleire store prosjekt under planlegging innanfor verdsarvområdet, både i Geirangerfjorden og Nærøyfjorden. (...) IUCN har gitt konkrete råd til korleis Noreg skal forvalte verdsarvområdet Vestlandsk fjordlandskap framover, for å kunne ta vare på dei framifrå universelle verdiane for framtida.*»

«*Dei rår til at det blir utarbeidd ein strategisk overordna miljøkonsekvensutgreiing og ein felles forvaltningsplan for delområda Geiranger- og Nærøyfjorden.*»

Forureining

Statsforvaltaren viser i si grunngjeving for motsegna til at:

«*Statsforvaltaren legg generelt ei føre-var-tilnærming til grunn for vurderingar av store utslepp inne i fjordar. Fjordar, og særleg terskelfjordar, har avgrensa kapasitet som resipient og har langt mindre tolegrense enn resipientar lenger ute ved havet. Store utslepp av organisk materiale og tungmetall som sink kan forringe miljøet i nærlieken av utsleppet. Utslepp av næringssalt, spesielt nitrogen, gjødsler og fører til auke i primærproduksjonen over eit større område.*»

«*Sjølv med nokre endringar vil utsleppet, spesielt av nitrogen, vere svært høgt.*»

«*Storfjordsystemet har fleire djupe tersklar. (...) Storfjordsystemet har difor nokre store djupe «basseng». Dette er område som truleg har dårlig omrøring og kan vere utsett for oksygensvinn.*»

«*Dersom store delar av utsleppet spreier seg opp til den produktive sona, vurderer vi at det er fare for eutrofiering i fjordsystemet. Hovudsakleg på grunn av det ekstremt store utsleppet av næringssaltar innanfor fjordsystemet, 427 t per km² (tabell 1). Primærfortynning, lagdelinga i fjorden og utbreiinga av utsleppet over lang tid er difor viktig i denne saka (...).*»

«*Trinnvis oppbygging er truleg den einaste måten for å vurdere om Storfjorden kan tote det store utsleppet.*»



«Statsforvaltaren har stilt krav om trinnvis utbygging til andre store landbaserte matfiskanlegg i fylket. I dette tilfellet vil kvart trinn vere omtrent like stort som eit stort landbasert matfiskanlegg i seg sjølv. Det kan ta lang tid før negative konsekvensar av eit stort næringsutslepp begynner å påverke miljøet i fjorden.»

Lokalisering

Statsforvaltaren viser i si grunngjeving for denne motsegna til at:

«Oppdrettsanlegg av denne storleiken med tilhøyrande store utslepp må etter vår vurdering vurderast på eit overordna nivå utover Storfjorden. Dette er særleg relevant for eit prosjekt som råker ved internasjonale og nasjonale verdiar som verdsarven er.»

Massehandtering

Statsforvaltaren viser i si grunngjeving for motsegna til at:

«Så lenge ikkje massehandteringen er avklart i reguleringsplanen er ikkje plana sine verknader for miljø og samfunn tilstrekkeleg utgreidd, jamfør plan- og bygingslova § 4-2 (...).

(...) I ei sak der omfanget av masse [sjom] skal handterast er så stort må temaet vere tilfredsstillande avklart i plansaka. Massehandtering er ei vesentleg problemstilling i prosjektet. Uttaket er eit stort inngrep i fjellet og vil i tillegg kunne representere eit stort terrenginngrep ved deponering. Ein må såleis vise til realistiske areal å gjere av massane i denne plana.»

Kommunen si grunngjeving for ikkje å ta motsegna til følgje

Kommunen har i sitt vedtak av 27. juni 2024 (vedlegg 11.16) gjort greie for kvifor dei ikkje imøtekjem motsegnene:

«Fjord kommune viser til at det har vore arbeidd grundig med å få til ei semje om imøtekomming av motsegnene gjennom heile prosessen frå varsel om oppstart heilt fram til og med meklinga gjennom dialog- og samrådsmøter med Statsforvaltaren ved fleire anledningar, dialogmøte med Direktoratet for mineralforvaltning 15.02.24 og møte og synfaring med Riksantikvaren 28.02.24. Som det går fram av meklingsprotokollen er det ikkje grunnlag for å finne semje på dei attståande 6 motsegnene.»

Vi viser til saksframlegg til sak KS-076/24 der det er gitt ei nærmare grunngjeving for kvifor kommunen ikkje tar dei ulike motsegnene til følgje.

Kommunen viser mellom anna til at kunnskapsgrunnlaget tilseier at påverknaden frå eit utslepp vil vere godt innanfor fjorden si toleevne, og at rekkefølgjeføresegn og vidare konsesjonsbehandling vil sikre at påverknaden i fjorden innanfor verdsarvområdet er så liten at den ikkje har negativ effekt på verneverdiane. Kommunen viser vidare til samfunnssnytten ved tiltaket, og meiner at Statsforvaltaren og Riksantikvaren sine vurderingar legg for liten vekt på dette. Det er kommunen si vurdering at planforslaget er godt gjennomarbeidd, og at ein gjennom ei rekke utgreiingar, rapportar mv. har fått svart ut dei utfordringar som er avdekt under planprosessen. Kommunen vurderer dei negative verknadene ved tiltaket som mindre enn dei positive verknadene ved tiltaket. For kommunen er tiltaket sterkt tenleg og ønska, sjølv med dei negative følgene som er skildra.



Vurdering etter naturmangfaldlova

Ved utøving av offentleg myndighet skal prinsippa i naturmangfaldlova (nml.) §§ 8-12 leggast til grunn som retningslinjer, sjå nml. § 7. Vurderinga og vektlegginga av desse prinsippa skal gå fram av kvart einskilde vedtak.

Nml. §§ 8-12 inneholder krav om kunnskapsgrunnlag, bruk av «føre-var-prinsippet», økosystemtilnærming, vurdering ut ifrå ei samla belastning, miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar med meir.

Verdsarv og terrestrisk naturmangfald

Den fjellbaserte delen av landanlegget og biltunnel til Eidsdal, vil i all hovudsak ligge innafor Geiranger-Herdalen landskapsvernområde og verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap. Innafor planområdet er det førekommstar av den utvalde naturtypen olivinskog, som er raudlista som sterkt truga (EN). Denne naturtypen er mest utbreidd i området frå Sunnmøre til Nordfjord. Utbygginga medfører ikkje arealinngrep i olivinskogen.

I Sensitive artskart er det registrert hekkelokalitet for jaktfalk (VU) og kongeørn i influensområdet. Reirplass for begge artane er meir enn 1 km unna landanlegget i luftlinje. Både støy og lys frå aktivitet og sjøtransport ved anlegget vil kunne påverke åtferda til nattaktive dyr og trekkande fugl (oppdatert KU for naturmangfold på land, Rådgivende biologer AS). Vi vurderer òg at anlegget i liten grad vil medføre auka forstyrring i hekketida for kongeørn og jaktfalk samanlikna med dagens situasjon (nml 10).

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er godt på dei fleste punkt som gjeld terrestrisk naturmangfald og landskap. Det er noko usikkerheit knytt til mogeleg negativ påverknad på Kilstivatnet. Tunnell og fjellhallar i fjell med gneis og peridotitt kan føre til drenering av overflatevatnet og føre til fysisk endring av grunnvasstanden. Det er fastsett føresegner i planen om tetting og overvakning av innlekkasje i fjellhallane, for å hindre slik drenering (nml § 12). Ut frå konsekvensutgreiinga frå COWI og fagnotat datert 26 september 2023 frå Norconsult, vurderer vi at det er ei restusikkerheit knytt til i kva grad tiltaket vil påverke grunnvasstanden, vassdragsnaturen og landskapet.

Nyaste versjon av konsekvensutgreiing for verdsarv viser at tiltaket i hovudsak fører til negativ påverknad på verdsarven på deie fleste tema. Tiltaket fører til betydeleg miljøskade for geologisk mangfald og geotopar. Mineralførekommstar blir påverka i heile utstrekninga av planområdet mellom Raudbergvika og Eidsdal, og dei ligg i hovudsak innafor verdsarven. Det er ikkje kjent kva berggrunn som blir råka ved utsprenging av massar til tunnel, eller berghall.

Marint naturmangfald

Marint naturmangfald i fjordsystemet er lite kartlagt. Konsekvensutgreiinga for naturmangfald i sjø har vurdert at tiltaket vil gje betydeleg miljøskade for kjent registrering av kvit hornkorall som er sårbar art i Norsk rødliste for arter (2021) og er såleis ein truga art. Det vart funne både sjøfjærbotn og korallskog i kartlegginga, noko som indikerer at det sannsynlegvis er langt meir av sårbare naturtypar og artar i området. Vi viser her til brev frå Havforskningsinstituttet datert 21. juni 2024 som peikar på mangelfull kunnskap om naturmangfaldet i sjø ved Raudbergvika og samla belastning på vassmiljøet i fjorden.

Det planlagde tiltaket vil føre til eit stort utslepp. Utsleppet kjem i tillegg til eksisterande og andre planlagde utslepp i fjordsystemet. Korleis miljøet i fjorden reagerer på utslepp er avhengig av



storleiken på utsleppet, lokale straumtilhøve, oksygentilhøve og det lokale økosystemet. Restar av fôr og avføring kan, under dei rette tilhøva, bygge seg opp på havbotnen og føre til oppblomstring av algar, bakteriar eller sopp. Dette vil igjen påverke sjødyra som beiter på desse. Auka næringstilførsel kan føre til at populasjonar av algar og sjødyr aukar utover det som er normalt i fjorden. Ettersom desse nyttar oksygen for å bryte ned næringsstoff kan denne situasjonen i verste fall føre til oksygenmangel som gjer at sjølv dei mest tolerante artane forsvinn. Slike endringar kan igjen føre til endringar oppover i næringskjedene i økosystemet rundt anlegga.

Som avbøtande tiltak er det føreslått trinnvis utbygging der ein vurderer påverknad på fjordsystemet etter kvart trinn. Vi vurderer at dette er ein for kort tidshorisont til å påvise ein påverknad på fjordsystemet.

Vi vurderer at det er knytt stor usikkerheit for langtidsverknader og samla belastning på økosystem, naturtypar og artar i Storfjorden (nml. § 10).

Samla vurdering av planlagt utbygging

Det er utarbeidd fleire rapportar som vurderer moglege konsekvensar for naturmangfald og landskap som følgje av utsprenging av fjellhallar, samt vurderingar av utslepp frå det landbaserte oppdrettsanlegget på resipienten Storfjorden. Likevel vurderer vi at kunnskapen om verknaden av utsleppa for naturmangfaldet i sjø ikkje er godt nok, og at føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 må vektast tungt.

Det er knytt stor usikkerheit til langtidsverknader. Det finnast ikkje erfarings- og kunnskapsgrunnlag til å vurdere konsekvensane for økosystemet av eit anlegg med utslepp av dette omfanget. Planlagt tiltak bør også vurderast opp mot andre eksisterande og planlagde tiltak i og i tilknyting til landskapsvernområde, verdsarvområde og resipient. Det er fleire store tiltak under planlegging som kan gje ytterlegare press på området.

Vi legg difor vekt på føre-var prinsippet i § 9 og samla belastning i § 10 i naturmangfaldlova.

Storleiken på eit slikt anlegg gjer at saka er kompleks i seg sjølv. Kompleksiteten aukar ytterlegare ved plassering i Raudbergvika, med verknad for dei internasjonale og nasjonale landskapsverdiane som vernevedtaket og verdsarvstatusen gir. Val av lokalisering av eit slikt anlegg burde vore resultat av ei overordna vurdering av alternativ areal, der ein såg ut over Storfjorden og tok med areal ute ved kysten jf. nml. § 12.

Vår samla vurdering og tilråding

Statsforvaltaren rår til at motsegnene frå Riksantikvaren og Statsforvaltaren blir tatt til følgje. Vi viser til grunngjevinga for motsegnene frå Riksantikvaren og Statsforvaltaren i sin heilsak. Vi vil særleg løfte fram at:

- Prosjektet vil kome i stor konflikt med verdsarvområdet Vestlandsk fjordlandskap og landskapsverneområdet Geiranger-Herdalen og vere i strid med våre internasjonale og nasjonale forpliktingar
- Det er knytt for stor usikkerheit til langtidsverknader for Storfjorden som resipient som følge av utslepp frå tiltaket
- Både naturmangfaldlova og retningslinjene for gjennomføring av verdsarvkonvensjonen tilseier ei føre-var-tilnærming



Våre motsegn har støtte i Nasjonale forventningar til regional- og kommunal planlegging 2023-2027 punkt 53 og 54, rundskriv T-2/16 punkt 3.6, 3.7 og 3.9 og naturmangfaldlova §§ 9 og 10.

Vi har forståing for kommunen sitt syn om at prosjektet vil tilføre stor samfunnssnytte for Fjord kommune. Det er likevel vår vurdering at dei samfunnsmessige fordelane ved tiltaket ikkje veg like tungt som ulempene. Vi viser i den samanheng til at konsekvensane for Storfjorden som recipient og inngrep i verdsarvområdet vil vere irreversible.

Vår bekymring for recipienten Storfjorden er støtta av Havforskningsinstituttet, sjå brev av 21. juni 2024 (vedlegg 11.18). Dei viser mellom anna til:

«Med utgangspunkt i nevnte opplysninger og rapporter er Havforskningsinstituttet bekymret. Vi konstaterer at tiltaket vil være en av flere næringsaktiviteter som vil bruke og kan påvirke et sammenhengende fjordområde som strekker seg over flere kommuner.»

«Fullt utbygd som omsøkt vil tiltaket legge beslag på en stor del av fjordsystemets recipientkapasitet.»

«Vi stiller spørsmål ved om det er riktig å nøye seg med en sannsynlighetsovervekt (mer enn 50 % sannsynlig) for en beslutning av et slikt omfang. Hvis det viser seg at minimum miljømål ikke kan oppnås eller bare så vidt oppnås, har man samtidig sperret for annen fremtidig næringsvirksomhet med noe, men kanskje relativt liten miljøpåvirkning.»

Havforskningsinstituttet viser til at det saknast ei «mer overbevisande fagbakgrunn» for å grunngje sannsynslegheitsovervekta.

Motsegn frå Direktoratet for mineralforvaltning (DMF)

Motsegn frå DMF byggjer på ein føresetnad om at utbygging av oppdrettsanlegget blir realisert. Viss departementet gir Riksantikvaren og Statsforvaltaren medhald i sine motsegn, vil ikkje motsegna frå DMF vere aktuell. Det er derfor vanskeleg for Statsforvaltaren å gje ei tilråding når det gjeld DMF si motsegn.

Synfaring

Saksbehandlar Frida Farstad Brevik kan kontaktast for å gjere nærmare avtale om eventuell synfaring i saka. E-post: frida.brevik@statsfovalteren.no og telefon: 712 58 451.

Vedlegg i saka

Oversikt over vedlegg i saka er vist i vedlegg 1. Det er mange og til dels omfattande dokumentmengd i denne saka. Vi har tatt utgangspunkt i kommunen si oversikt over vedlegg i saka. Dei ulike vedlegga er sortert tematisk, men i kronologisk rekkefølge innanfor kvart tema. Vedlegga blir delt via OneDrive. Lenke til nedlasting av dokument er sendt postmottak@kdd.dep.no. Dokumenta er tilgjengeleg i 30 dagar. Ta kontakt med oss dersom det er behov for ny delingslenke.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. statsforvaltar

Frida Farstad Brevik
plansamordnar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Vedlegg:

1 Vedleggsliste Områdeplan Raudbergvika 28.06.24

Kopi til:

FJORD KOMMUNE
RIKSANTIKVAREN

DIREKTORATET FOR MINERALFORVALTNING
MED BERGMESTEREN FOR SVALBARD
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE

Postboks 144 6211 VALLDAL
Postboks 1483 0116 OSLO
Vika
Ladebekken 50 7066 TRONDHEIM
Postboks 2500 6404 MOLDE